# Kystsoge vekene 2011

13. august til 18. september






## Stormønstring av kystkultur

Stiftinga Kystsogevekene

Kystkultur - tradisjon og utvikling...

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Velkomen til Kystsogevekene 2011!



I år er det 15. året Kystsogevekene vert arrangert. Programmet for denne stormønstringa tel om lag 200 arrangement, og innhaldet representerer på ein god måte kystkulturen i dei 20 kommunane som er med i samarbeidet.
Kystsogevekene er oppteken av å formidle kunnskap om kystkulturens mangfald og kvalitet, og inneheld både aktivitetar og arrangement som er knytt til bruk av båten, kaien, naustet og kystlandskapet.
Programmet byr dessutan på utstillingar, konsertar, sogespel, marknader m.m. som både presenterar kystfolket si historie, men som også rettar blikket framover.
Aktivitetane samsvarer godt med Kystsogevekene sitt motto *Kystkultur - tradisjon og utvikling...*

Dei mange lokale aktørane og medhjelparane legg kvart år ned eit imponerande arbeid som til saman utgjer innhaldet i årets omfangsrike og varierte kystsogeveker, og dagleg leiar for STIFTINGA KYSTSOGEVEKENE – Lena Eikeland Kutschera - koordinerer og syr det heile saman til eit innbydande programhefte og nettsider.

Den 13. august er Os kommune vertskap for opningsarrangementet, og same dag vil det vere arrangement i Austrheim, Fjell, Lindås, Øygarden og Bømlo. Avslutningsdagen den 18. september er det tilstellingar både i Lindås, Øygarden, Sveio og Tysnes.

*Gje deg tid til å studere programmet, og unn deg tid til å delta.*

Vel møtt til hyggelege og interessante Kystsogeveker!

STIFTINGA KYSTSOGEVEKENE

Bjørn Myhren

## Innhald


| | | | |
|---|---|---|---|
| **Os** | side 6 | **Øygarden** | side 22 |
| **Gulen** | side 7 | **Fjell** | side 23 |
| **Masfjorden** | side 8 | **Sund** | side 24 |
| **Fedje** | side 9 | **Austevoll** | side 25 |
| **Austrheim** | side 10 | **Tysnes** | side 26 |
| **Lindås** | side 12 | **Fitjar** | side 27 |
| **Radøy** | side 14 | **Stord** | side 28 |
| **Meland** | side 16 | **Bømlo** | side 29 |
| **Osterøy** | side 18 | **Sveio** | side 31 |
| **Bergen** | side 20 | **Kvinnherad** | side 32 |
| **Askøy** | side 21 | | |

# Offisiell opning av Kystsogevekene 2011 Osøyro i Os 13. august kl 12.00

Os kommune og Stiftinga Kystsogevekene inviterer til folkefest når Kystsogevekene 2011 får sin offisielle start. Opningsarrangementet vert lagt til den tradisjonsrike Oselvarfestivalen, og Oselvarane vil kunne både sjåast og heiast fram - på sjøen vert det tevling med Oselvarar. Kan hende vert det høve til å kome seg ein tur utpå i den nylaga seksæringen frå Oselvarverkstaden.



På land får vi utdrag frå folkeoperaen HavFest, om Guri Kunna, kystens lunefulle gudinne som skal gifta seg med eit menneske! I Guris eige rike møter planen motstand hos både Brefolk, Havfolk og Gurifolk. Operaen er laga til opninga av det nye kulturhuset Oseana.

I tillegg til utdrag frå folkeoperaen får vi sjå unge, dyktige dansarar frå Kulturskulen, og høyre Os Durspelsamskipnad spele.

Både Oselvarnaustet og Oselvarverkstaden vil vere opne. På Oselvarverkstaden kan folk sjå og høyre om bygginga av tradisjonsbåten, eller endåtil bestille seg ein spesialtilpassa båt ut frå eige ønskje og bruksområde.

Vi ønskjer alle velkommen til å oppleve flott kyst-kultur og yrande folkeliv 13. august!



# Kystsogevekene 2011 - 13. august til 18. september

Offisiell opning av Kystsogevekene 2011 13. august kl 12.00 - Osøyro i Os

Nokre arrangement startar før og varar fram i opningshelga:
Havsportveka i Austrheim 10. - 14. august www.havsportveka.no
Håkonarspelet Håkonarvarde på Seim. 11. - 13. august www.hakonshaugen.no

**Laurdag 13. august**
*Offisiell opning av Kystsogevekene 2011*
Osøyro i Os - 13. august kl 12.00
Bryggedans på ungdomshuset Os/ Søre Øyane
Fonnesdagen - Austrheim/Fonneskaien
Padlemaraton Austrheim/Kjelstraumen - Utvær i Solund
Andrea Rice med band - Austrheim samfunnshus/ Årås
Håkonarspelet Håkonarvarde- Lindås/Seim
HavFestivalen - Fjell/Storasundet, Syltøy
Adnestova - heimen til fiskarbonden, Vestlandsforteljingar - Øygarden/Sæle www.kysteventyret.no
Kystsogehelg i Bekkjarvik - Austevoll/Bekkjarvik/ Stolmen
Brandasunddagane - Bømlo/Brandasund
Goddodagane – Bømlo/Austvik/Goddo

**Søndag 14. august**
Kaidagen! Gulen/Furneset
Rodag for alle aldrar, handverk, leikebåt – Masfjorden/Sandnes
Revolver & Bård Ose – Masfjorden/Sandnes
Havsportgudsteneste - Austrheim/Vardetangen
Brofest - Austrheim/Kjelstraumen
Håkonarspelet Håkonarvarde - Lindås/Seim
Bokkafe og utstillingsopning - Lindås/Eknesvågen
Offisiell opning av kystsogevekene i Radøy - Radøygruppen på Vetås
Veteranbåten MS Atløy Bergen/Vetås t/r
Andrea Rice m band- Meland/Holmeknappen
Russarfangane - krigsfangar til festningsarbeid, Vestlandsforteljingar - Fjell /Fjell gard
Fiskekonkurranse - Os/Søre Øyane
Utstillingsopning – Os/Vedholmen/Sundøy
Kystsogehelg i Bekkjarvik - Austevoll/Bekkjarvik
Brandasunddagane - Bømlo/Brandasund
Goddodagane - Bømlo/Austvik/Goddo
Fyrjazz på Ryvarden kulturfyr - Sveio/Ryvarden

**Måndag 15. august**
Selstøbuene - frå notbu til hytteparadis, Vestlandsforteljingar - Sund/Telavåg

**Tirsdag 16. august**
Ovågen - tett på vågen, Vestlandsforteljingar – Øygarden/Kystmuseet

**Torsdag 18. august**
Hjelme gamle kyrkje - den første kyrkja i Øygarden, Vestlandsforteljingar - Øygarden/Hjelme

**Fredag 19. august**
Bakekurs på Radøystova - Radøy/Sletta
Mjølsdalsdagane - Osterøy/Hosanger
Hernar - ein utpost til Nordsjøen, Vestlandsforteljingar - Øygarden/Hernar

**Laurdag 20. august**
Open dag i Sellevåg treskofabrikk - Gulen/Sellevåg
Kulturvandring i Landsbyen i havet – Fedje
Tur i fiskarbonden sitt rike – Austrheim/Krossøy
Bakekurs på Radøystova - Radøy/Sletta
Grilltreff i Nøtlevågen - Radøy/Nøtlevågen
Vandringa Nøtlevåg - Solheimåsen
Biedronki vitjar Manger! - Radøy/Manger
Kveldskonsert i Solheimsåsen - Radøy/Sæbø landskapspark
Mjølsdalsdagane - Osterøy/Hosanger
Performancefestivalen «Mellom himmel og hav III» - Askøy/Herdla
De Zee Ploeg - konsert – Askøy/Herdla kyrkje
Adnestova - heimen til fiskarbonden, Vestlandsforteljingar - Øygarden/Sæle
Dansegalla i Tysneshallen - Tysnes/Gjerstad
Kystsogevekeutstillar Bjørg Thorhallsdottir - Bømlo/Moster Amfi

**Søndag 21. august**
Bjørn West-marsj - Masfjorden/Matre - Stordalen
Open gard - Radøy/Ystebø
Seglkurs - Radøy
Bokkafe og foredrag - Lindås/Eknesvågen
Mjølsdalsdagane - Osterøy/Hosanger
Herdladagen - Askøy/Herdlevågen
Russarfangane - krigsfangar til festningsarbeid, Vestlandsforteljingar - Fjell/ Fjell gard

**Måndag 22. august**
Selstøbuene - frå notbu til hytteparadis, Vestlandsforteljingar - Sund/Telavåg

**Tysdag 23. august**
Ovågen - tett på vågen, Vestlandsforteljingar – Øygarden/Kystmuseet

**Onsdag 24. august**
Kom å ta Ro-knappen - Radøy/ Sæbøvågen

**Torsdag 25. august**
Hjelme gamle kyrkje - den første kyrkja i Øygarden, Vestlandsforteljingar - Øygarden/Hjelme

**Fredag 26. august**
Straumstans, en musikalsk happening - Austrheim/Kjelstraumen
Hernar - ein utpost til Nordsjøen, Vestlandsforteljingar - Øygarden/Hernar
Periferifestivalen Sund/ Glesvær www.periferifestivalen.no
Periferikonferansen Sund/ Glesvær
Kystsogeseilas med Loyal – Sund/Glesvær
Langevågdagane – LAN for ungdom - Bømlo/Langevåg www.bygdatunet.no

**Laurdag 27. august**
Straumstans, ei musikalsk happening Austrheim/ Kjelstraumen
Radøy motorsamling ope - Radøy/Radøyvegen 448 (Kalneset)
Ville vekster - Radøy/Midgard på Øvre Manger
Kystsogedagane i Meland - Meland/Holmeknappen
D/S Oster går båtrute i Herdlafjorden - Meland/ Holmeknappen
Torgdagane i Salhus - Bergen/Salhus
Norsk Trikotasjemuseum i Salhus – Bergen/Salhus www.muho.no
Adnestova - heimen til fiskarbonden, Vestlandsforteljingar - Øygarden/Sæle
Langøymarknaden - Fjell/Langøy
Dans i Gamlanaustet - Fjell/Langøy
Periferifestivalen Sund/Glesvær
Kystsogeseilas med Loyal – Sund/Glesvær
Alt og Ingenting - dukketeaterforestilling – Austevoll/Kulturbakeriet, Storebø
Langevågdagane - Bømlo/Langevåg www.bygdatunet.no
Revy og dans, Langevågdagane –Bømlo/ Langevåg
Ut på sjøen - ut i båt - Sveio/Eikeland

**Søndag 28. august**
Straumstans, ei musikalsk happening - Austrheim/ Kjelstraumen
Knutar, spleis og tauarbeid - Radøy/Midgard på Øvre Manger
Mellomalderdag på Lureklaven - Lindås/Lygra www.lyngheisenteret.no
Strilamuseet, aktivitetsdag - Lindås/Seim
Bokkafe og foredrag - Lindås/Eknesvågen
Kystsogedagane i Meland - Meland/Holmeknappena
Torgdagane i Salhus - Bergen/Salhus
Gøy på landet – Bergen/Hordamuseet/Stend www.bymuseet.no
Langøymarknaden - Fjell/Langøy
Kystsogeseilas med Loyal, Langøymarknaden – Fjell/Langøy
Russarfangane - krigsfangar til festningsarbeid,

Vestlandsforteljingar - Fjell/Fjell gard
Kystkulturstemne i Trellevik - Sund/Trellevik
Tur i Nordsjøløypa - Sund/Glesvær/Telavåg
Kystsogedag på Baadeholmen - Bømlo/Espevær

**Måndag 29. august**
Knarvikmila 29/8 -4/9 www.knarvikmila.no
Kystsogeseilas med Loyal, for skuleklassar i Fjell
Selstøbuene - frå notbu til hytteparadis,
Vestlandsforteljingar - Sund/Telavåg

**Tysdag 30. august**
Kvardagliv i 1850 Skuleklasse på Bogatunet - Radøy/Boga
Knarvikmila
Ovågen - tett på vågen, Vestlandsforteljingar – Øygarden/Kystmuseet

**Onsdag 31. august**
Songskatten vår - Radøy/Sæbø kyrkje
Kvardagliv i 1850 - Skuleklasse på Bogatunet - Radøy/Boga
Knarvikmila Lindås/Knvarvik

**Torsdag 1. september**
Knarvikmila Lindås/Knvarvik
Kvardagliv i 1850 - Skuleklasse på Bogatunet - Radøy/Boga

**Fredag 2. september**
Knarvikmila Lindås/Knvarvik
Bakekurs på Radøystova - Radøy/Sletta
Kanaldagane - Bømlo/Finnås. 2. - 4. september
www.kanaldagane.no

**Laurdag 3. september**
Knarvikmila - Minimila – Familiedag - Fjord Norway Half Marathon
Sandviksdagene – Bergen/Sandviksboder Kystkultursenter
www.kystkulturbergen.no
Open dag ved Sunnhordlandstunet - Stord/Leirvik
www.sunnhordland.museum
KanaldaganeBømlo/Finnås
Utedans m/Palleband - Kanaldagane
Christine Guldbrandsen i Sjøhuset - Sveio/Buavåg

**Søndag 4. september**
Bokkafe og foredrag - Lindås/Eknesvågen
Knarvikmila - Linsås/Knarvik www.knarvikmila.no
Sandviksdagene - Bergen/Sandviksboder Kystkultursenter
www.kystkulturbergen.no
Gamle Bergen Museum. Open mølle og snekkerverkstad Bergen/Sandviken bymuseet.no
Hanevikdagen - Askøy/Hanevik
Veteranbuss fra Ask – Hanevik t/r
Nordsjøløypedagen i Fjell - Fjell/Aktivitetsdag i Kårtveitpollen/Nordsjøløypetraseen på Ågotnes

Nordsjøløypedagen i Øygarden - Øygarden/Hjelme
Temadag i Buavåg, handarbeid til kjøken - Sveio/ Sjøhuset i Buavåg
Utstillingsopning på Ryvarden Sveio/Ryvarden kulturfyr www.ryvarden.no

**Måndag 5. september**
Temakveld: Brikkevev - Osebergdronningens vevredskap - Lindås/Hillesvåg
Politisk debatt - Radøy/Manger

**Onsdag 7. september**
Ro-knappen - Radøy/ Sæbøvågen
Songar frå bedehusland - Osterøy/Hauge bedehus

**Torsdag 8. september**
A farm for the future, Radøy/Manger kino
Ope hus, dansekveld - Osterøy/Grønskaret

**Fredag 9. september**
NYTT I ÅR, ARRANGEMENT I KVINNHERAD ER MED I MØNSTRINGA:
Kystkulturdagane på Sunde - KVINNHERAD/Sunde 9. - 11. september

**Laurdag 10. september**
Risnesmarknaden - Radøy/Risnes
Husflidsdagen - Lindås/Hillesvåg
Introduksjonskurs til permakultur - Radøy/Midgard, Øvre Manger
Open Smie - Radøy/Kvalheim
www.gamlesmier.com
Alternativ haustmarknad - Osterøy/Solbjørg ungdomshus
Skjulte skattar - spor i landskapet - Osterøy/Gjerstad www.muho.no
Bergenhusdagene – Middelalderfestival - Bergen/ Bergenhus Festning
bymuseet.no
Kystkulturdagane på Sunde - KVINNHERAD/Sunde
Tur frå bedehus til bedehus - Sveio
www.kystlandskapsparken.no

**Søndag 11. september - Kulturminnedagen**
Husmannsplassen – Torvneset - Austrheim/ Vardetangen
Nordanger gardsmuseum ope - Radøy/Nordanger
Familiefiskekonkuranse - Radøy/Sæbøvågen
Spor i naturen - Lindås/Hillesvåg
Bokkafe og foredrag - Lindås/Eknesvågen
Havråtunet - Omvising i tunet - Osterøy/Havrå
www.muho.no/havratunet
Skjulte skattar - spor i landskapet - Osterøy/ Raknes
Vandring på kyrkjevegen - Osterøy/Låstavatnet
Bingo med musikk - Osterøy/Hamretun
Bergenhusdagene – Middelalderfestival - Bergen/ Bergenhus Festning bymuseet.no
Aktivitet i Strusshamn - Askøy/Strusshamn

Kystsogeseilas med Loyal - Askøy/Strusshamn
Skjulte skatter - spor i landskapet - Øygarden/ Kystmuseet i Ovågen www.museumvest.no
Kulturminner i Vargavågen, frå helleristningar til kleberbrot - Os/Halhjem
Ballastrøysar og handel over havet - Tysnes/ Skorpo skule
Bronsealdergravrøysa på Huglo.
Eit 3000 år gamalt spor i landskapet - Stord/Huglo
Kystkulturdagane på Sunde - KVINNHERAD/Sunde
Skjulte skattar - spor i landskapet - Sveio/Vikse

**Måndag 12. september**
Spor i naturen - Lindås/Hillesvåg
Kystsogeseilas med Loyal - Askøy/Strusshamn

**Torsdag 15. september**
Fartein Valen-festivalen - Sveio og Haugesund 15. - 18. september www.farteinvalen.no

**Fredag 16. september**
Bakekurs på Radøystova - Radøy/Sletta
Fartein Valen-festivalen - Sveio og Haugesund

**Laurdag 17. september**
Liv i emigranthusa Radøy/Sletta september
www.muho.no
Hauststemne i Emigrantkyrkja - Radøy/Sletta
Bakekurs på Radøystova - Radøy/Sletta
Kystkulturaften, historier og dans - Austevoll/ Stolmen
Husflidsmesse i Tysneshallen Tysens/Gjerstad
Laurdag ope frå kl. 11.00-16.30
Fartein Valen-festivalen Sveio og Haugesund 15. - 18. september

**Sundag 18. september**
Utdeling av Ivar Medaasprisen 2011 Lindås/ Knarvik senter
Bokkafe og foredrag - Lindås/Eknesvågen
Kystsogeseilas med Loyal - Øygarden/Kystmuseet i Ovågen
Husflidsmesse i Tysneshallen - Tysens/Gjerstad
Fartein Valen-festivalen - Sveio og Haugesund
www.farteinvalen.no

www.kystsogevekene.no

# Os

Adm. senter: Osøyri
Fylke: Hordaland
Areal: 139,8 km2
Folketal pr 1.1.11: 17 210
https://oskommune.no



**Os inspirerar**

**Det ligg ei bygd mellom fjordar og fjell...**

Os ligg veg Bjørnefjorden, der kyst- og fjordlandskapet møtest. Os kommune er nærast granne til Bergen, og her bur det over 17 000 menneske. Osøyro er strandstaden som har vakse til ein moderne bygdeby. Os kommune har ein båt under ei stor rose og ni stjerner i kommunemerket. Det symboliserar dei to handverka bygda er mest kjend for, rosemåling og båtbygging.

## Program

**Offisiell opning av Kystsogevekene 2011**
**Osøyro Laurdag 13. august kl 12.00**

Den offisielle opninga av Kystsogevekene 2011 vert i Osøyro. Opningsarrangementet vert lagt til den tradisjonsrike Oselvarfestivalen, og Oselvarane vil kunne både sjåast og heiast fram - på sjøen vert det tevling med Oselvarar. Kan hende vert det høve til å kome seg ein tur utpå i den nylaga seksæringen frå Oselvarverkstaden.
På land får vi utdrag frå folkeoperaen HavFest. Både Oselvarnaustet og Oselvarverkstaden vil vere opne.
Vi ønskjer alle velkommen til å oppleve flott kystkultur og yrande folkeliv 13. august!

**Bygdadans i ungdomshuset i Søre Øyane**

Laurdag 13. august

**Fiskekonkurranse**

Søre Øyane
Søndag 14. august kl 12.00
Det vert fiskekonkurranse , utstilling, båtliv, stands og aktivitetar.
Utstilling på Vedholmen Galleri med keramiker Ingun Dahlin, figurative skulpturer samt utendørs installasjon *Kystkvinder fra Søre Øyane* www.vedholmen-galleri.com

**Kulturminner i Vargavågen, frå helleristningar til kleberbrot**

Halhjem
Søndag 11. september kl 12.30
Skjulte skattar - spor i landskapet. Ole Mikael Olsen Ramsøy frå Hordamuseet losar oss gjennom *soga til Dei fyrste osingane*. Rotur til Vargahola. Oppmøte kl 12.30 ved kryss Halhjemsmarka/Bjørnavegen. Parkering ved Halhjem barnetun.

# Gulen

Adm. senter: Eivindvik
Fylke: Sogn og Fjordane
Areal: 596 km2
Folketal pr 1.1.11: 2 299



Heilt sørvest i Sogn og Fjordane ligg Gulen som eit bruhovud til Hordaland. Kontrastane er store, frå dei ytste av om lag 1500 øyar, holmar og skjer i vest og inn til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust, mot Stølsheimen. Innbyggjarene er jamt fordelte kring skulekrinsane Byrknes, Brekke, Dalsøyra og Eivindvik.

Reiseliv sjå www.fjordkysten.no

## Program

**Kaidagen! Furneset**
Sundag 14. august kl 12.00
Familiedag på kaia. Det vert servert tradisjonelt rekebord og det vert ulike aktivitetar for store og små. Elias-båtane kjem, det vert palleløp, waterball, salgboder, tombola.m.m
Arr. Brandangersund samfunnshus

**Open dag i Sellevåg treskofabrikk**
Laurdag 20. august kl 12.00 - 16.00

Sellevåg treskofabrikk er ei lita industriperle inst i Gulen. Det var produksjon av tresko her mellom 1899 og 1972. Frå 1952 vart også sagbruk ei viktig brikke i produksjonslina. Sellevåg treskofabrikk har sidan 1994 vore fokusert på som eit viktig teknisk-industrielt kulturminne og har fått midlar til istandsetting av Riksantikvaren. Det vert omvisning i treskofabrikken og filmframvisning som syner fabrikken og det vassdrivne maskina i drift. Sal av kaffe og vaflar. Arr. Magne Sellevåg

**Dahl-dagen**
Eivindvik
Meir informasjon kjem seinare.

# Masfjorden

Adm. senter: Masfjordnes
Fylke: Hordaland
Areal: 558 km2
Folketal pr 1.1.11: 1 672
www.masfjorden.kommune.no

Masfjordnaturen er vekslande. Frå dei nakne skjera utmed Fensfjorden til det sundrivne fjellandskapet tusen meter over havet. Er du båtmenneske, kan du vera for deg sjølv i et avgøymt sund utanfor Risnes. Fjellturisten skal gå lenge før han går lei. Stordalsområdet har eit fint fjellterreng både sommar og vinter. Vasskraft og havbruk er dei viktigaste næringsvegane i kommunen. Vasskrafta er berebjelken i heile Masfjordsamfunnet.

Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no



## Program

### Spelereglar og spelerom i tradisjonelle tekstilar

Sommarutstillngar i Kvamsdals Fargeri, utstilling ved Mikkel B. Tin, professor i tradisjonskunst. 6. - 21. august

### Ro-dag for alle aldrar

Masfjorden båt- og sjøbrukssamling, Sandnes
Søndag 14. august kl 13.00 – 17.00
Ta Ro-knappen! Me ynskjer å gje besøkjande høve til å koma seg ut på fjorden i robåtar, samt å få naudsynt basis opplæring i høve bruk av båt. Roknappen er Forbundet Kystens satsing på opplæring i bruk av tradisjonsbåt. Instruktørar vil stå for 3-4 båtar, samt stå for veiledning, undervisning og tilretteleggjing for at alle besøkjande skal få ein flott og lærerik dag.
(Denne aktiviteten vert også søndag 7. august)
Handverksformidling, leikebåtbyggjing, maritimt handverk i (evt utanfor) nothuset, ma åreproduksjon og båtbygging. Har du spørsmål kring båtbygging, restaurering og vedlikehold, er dette dagen då du kan få svar då kyndige fagfolk er på plass i Masfjorden.
Lag din eigen vesle båt. Med enkle småbåtskrog, klossar, pinnar og segl kan ein få mykje til.

### Revolver & Bård Ose

Masfjorden båt- og sjøbrukssamling, Sandnes
Søndag 14. august kl 19.00
Bergensbandet Revolver har spesialisert seg på å spela Beatles med akustisk bluegrassbesetning. Bandet tolkar Beatles med kjærleik og stor respekt, og resultatet vert bra, skikkelig bra! Revolver består av Julian Berntzen, Lasse Berntzen, Mats Glambek, Inge Glambek og Rolf Skogstrand. Med seg har de Noregs Beatles-professor nr. 1: Bård Ose

### Bjørn West-marsj

Matre - Stordalen
21. august
Marsj i lett fjellterreng til minne hendingane i Matrefjella under andre verdenskrig. Marsjen tek omlag 5-6 timar. Nytt av året er "Kort" løype frå Nystølen til Stordalen.
**kl 14.30 Konsert ved Fjellstova, gudsteneste kl 15.15**
Minnemarkeringa ved bautaen kl 16.00, der ordføraren i Masfjorden, Håkon Matre, held minnetale og legg på krans. www.bjornwest.no

# Fedje

Fylke: Hordaland
Areal: 9,4 km2
Folketal pr 1.1.11: 507
www.fedje.kommune.no

## Landsbyen i havet

Fedje kommune ligg lengst nordvest i Hordaland, og er den vestlegaste kommunen i Noreg. Kommunen består av hovudøya Fedje og 125 mindre øyar, holmar og skjer. Fedje er ikkje som den franske riviera. Her finst mange grå dagar. Storm, sjøgang og strie regnelingar er kvardagskost for oss som bur her, men opplevingar for dei som kjem hit. Så - uventa og velkomne - tørkar sola skyene bort. Vinden tagnar og så ligg Fedje der med alle sine holmar og skjer bada i det store lyset. Ingen stader er himmelen så stor som over ei øy i havet. Du er aldri einsam her ute. Ver vår gjest, me bryr oss om deg.
Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no



# Program

### Kulturvandring i Landsbyen i havet

Laurdag 20. august

Fedje vidarefører fjorårets suksess, og inviterer til kulturvandring gjennom landsbyen i havet. Det vert kulturelle innsalg på sentrale stadar i landsbyen.




| Kartnr | Stad | Tid | Hending |
|---|---|---|---|
| 1 | Fergekaien | | Sjå eigen rutetabell |
| 2 | Kvalutsal | 10.45 | Formell opning ved ordførar, ved Kvalutsalet. Sang ved Kvartetten. |
| 3 | Pernillekafeen | 11.45 | Presentasjon av lokal, kortreist mat ved lokale kokkar |
| 4 | Fedje trafikksentral | 12.30-14.30 | Open dag |
| 5 | Fedje kyrkje | 14.00 | Musikk frå Skotland, Færøyane, Irland og skandinavia med **Marianne Juvik Sæbø** (sang), Tove Kragset (piano), Dagrun Gunnarson (fløyte) og Jan Torry Sande (Bass). Pris: 150,- kr (Sal ved inngang) |
| 6 | Bedehuset | 16.00 | Tradisjonell basar på Bedehusbasar med kake, kaffi, åresal og prat. Arr: Fedje indremisjon |
| 7 | Holmen | 21.00 | Dans med **Scenario** på HolmenKafe |

| Fergetider | |
|---|---|
| Til Fedje | Frå Fedje: |
| 06.00 | 06.55 |
| 07.30 | 08.10 |
| 09.25 | 10.05 |
| 13.30 | 14.05 |
| 14.40 | 15.15 |
| 15.50 | 16.25 |
| 17.40 | 18.20 |
| 18.55 | 19.30 |
| 21.20 | 21.55 |

**Sjå etter oppdaterte opplysningar på www.fedje.kommune.no**

# Austrheim

Adm. senter: Sætre
Fylke: Hordaland
Areal: 57,4 km2
Folketal pr 1.1.11: 2789
www.austrheim.kommune.no



Austrheim kommune ligg nordvest i Hordaland. Karakteristisk for området er kulturlandskapet med lyngheiane, som i vikingtid prega kysten av Europa frå Noreg til Portugal. På ein tur gjennom kystlandskapet ser ein mange spor etter utviklinga som har gått føre seg i kyststroka i Sør-Noreg, frå jakt og fangst for 5000-6000 år sidan til oljeforedling i vår eiga tid. Her er buplassar frå steinalder, tufter frå vikingtid og mellomalder, steingardar og sjøhus frå førre århundre og oljealderen sine høgtekniske installasjonar. Noregs vestlegaste fastlandspunkt, Vardetangen, ligg i Austrheim.

Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

## Program

### Havsportveka 2011

10. - 14. august
Havsportveka femner om ei rekkje sjø- og havsportaktivitetar. Her vert eit mangfaldig program, inkludert eit sosialt program som kan tilfredstille dei aller fleste. God mat og underhalding er også del av opplevingane under Havsportveka. Folkeleg, Fremtidsretta og Fartsfylt er grunnlaget for Havsportveka. Blant kommunen sine 489 øyer finn du naturgjevne føresetnader som stille viker, strømfulle sund og storhavet utanfor stovedøra. Kajakk, windsurfing, dykking, fisketur, RIB, segling og mykje anna moro. www.havsportveka.no

### Havfisketurar

Under Havsportveka vert det rikeleg mulighet for flotte fisketurar dit storfisken står.

### Andrea Rice med band

Austrheim samfunnshus
13. august kl 19.00
Andrea Rice i HavCamp med *The best og Ireland Folk and ballad.* Bar med sal av øl og vin. bill. Kr 150,
www.havsportveka.no

### Padlemaraton

Kjelstraumen -Utvær i Solund
Laurdag 13. august
Den store "manndomsprøven" for mange er Havsportveka sin krevande padlemaraton mellom Kjelstraumen i Austrheim og Utvær i Solund.

### Fonnesdagen

13. august kl 12.00 - 16.00
Fonneskaien
Den tradisjonesrike *Fonnesdagen - Dajen dar folk møtest* vert også i år. Mykje av programmet er kjent og kjært, og det vert på nytt høve til å dele nye opplevelsar og gode stunder. Bjørn Jensen frå Vinskvetten underheldt frå scena kl 14.00

# Austrheim

## Program

**Havsportgudsteneste**
Vardetangen
14. august kl 15.00
Turen til Vardetangen går til fots enten frå hurtigbåtstoppen på Vardetangen eller frå molokaien i Fonnesvågen. Havsportgudsteneste på 4' 56" 43'182

**Brofest**
Kjelstraumen Vertshus
14. august
40-års jubileum for bruene. Det vert avslutning av Havsportveka med nachspiel for frivillige etc.
www.kjelstraumen.com

**Tur i fiskarbonden sitt rike - Krossøy**
Krossøy
Laurdag 20. august kl 14.00
Oppmøte på snuplassen på Krossøy. Guida tur i vakkert øylandskap, freda naustmiljø, gardsmuseum, smie mm. Turen passar for alle og vi vandrar i lett terreng og vert kjend med fiskarbonden sitt liv. Sal av fiskesuppe og kaffi i naustet v/Krossøy Grendalag.

**Straumstans, en musikalsk happening**
Kjelstraumen Vertshus
26. august -28. august
Søndag Straumstans for barn og familie.

**Husmannsplassen – Torvneset**
Vardetangen
Søndag Kulturminnedagen 11. september kl 12.00
Oppmøte hurtigbåtkaien Vardetangen. Livet på husmannsplassen - Torvneset; klipping av sau, hesjing, skjering av ålegras, tang og tare. Haakon Aase fortel om jordkjellaren. Song og musikk. Sal av kaffi og kaffimat.
Skjulte skattar - spor i landskapet

www.kystsogevekene.no

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

# Lindås

Adm. senter: Knarvik
Fylke: Hordaland
Areal: 475,9 km2
Folketal pr 1.1.11: 14 516
www.lindask.kommune.no



## Der draumar blir røyndom

Lindås er den største kommunen i Nordhordland, med regionsenteret Knarvik som naturleg knutepunkt. Det som var lyngmark for 40 år sidan, er i dag ein moderne bygdeby på nordsida av Nordhordlandsbrua. Lindås er ein fjord- og kystkommune med vakker natur frå fjord til fjell. Ta ei skogsvandring i den nordlegaste bøkeskogen i verda, opplev lyngheiane og det opne, vakre kystlandskapet.
Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

# Program

**Håkonarspelet - Spelet om Håkon Den Gode**
Håkonshaugen, Seim
11.-14. august
Kvar kveld kl 22. Billettsal frå 1. juni
www.billettservice.no Regi: leif-Egil Vatnøy.
Scenografi: Robert Sinnott. Kapellmester: Reid Gilje.
www.hakonshaugen.no

**Bokkafeen/Utescena i Eknesvågen**
Open kvar sundag kl 13.00 - 17.00.

**Søndag 14. august** Kl 15.00 **Utstilling om lokal kystkultur opna.**

**Søndag 21. august** kl 15.00 **Arne Høyland: Emnetre.** Han fortel om kor viktig det var å finna dei rette emna til verktøy, båtmateriale m.m.

**Søndag 28. august** kl 15.00 Eli Føritie ( **Eli Fjelde Vikan): Mat frå ulike fat.** Kosthald i gamal tid

**Søndag 4. september** kl 15.00 **John Ragnar Myking: Strilelandet og Bergen.** Eit skråblikk på tilhøvet mellom stril og bergensar frå mellomalderen til i dag

**Søndag 11. september** kl 15.00
**Håkon Askeland: - dei sleit i lag**. Samarbeid mellom strilane for å overleva på land og sjø.

**Søndag 18. september** kl 15.00: **Odd Helland: Sandfarten eit utdøyande yrke**
Arr. Eknesvågens venner

**Strilamuseet på Seim, aktivitetsdag**
Søndag 28. august kl 14.00 - 17.00
Omvisning, film og ny utstilling i Temakroken.
Aktivitetsdag med gamle leikar.
Museet er ope kvar søndag frå kl 14.00 - 17.00.
25. september er det potetdag med servering av potetsuppe

**Mellomalderdag på Lureklaven**
Lygra/Lyngheisenteret
Søndag 28. august kl 12 -16
På Lurekalven låg ein gard i vikingtid og middelalder, som vart fråflytta etter Svartedauden. Oppmøte ved Infobygget kl. 12.00 Guida tur til Kalvsundet ( ca 20 min) der båtane ligg og ventar - vi ror over til Lurekalven. Foredrag og guida tur på Middel-aldergarden. Servering av Lurefjordsuppe, kaffe/te.
www.lyngheisenteret.no

# Lindås

## Program

**Knarvikmila 2011**
www.knarvikmila.no
Mandag 29. august – 5. september
Mandag, seminar på dag- pg kveldstid.
Nordhordland Folkehøgskule, Frekhaug.
Tirsdag 30. august, funksjonerløp, onsdag 31. august kultur og natur arrangement
Torsdag 1. september, ungdomsløpet: 8. - 10. klasse
Knarvik Stadion/Nordhordlandshallen
Fredag 2. september, Konsert og konferanse, Frekhaug/Nordhordland Folkehøgskule.
17.00 til 20.00: Påmelding til KnarvikMila og MiniMila i Knarvik Senter.

Laurdag 3. september
Minimila - Familiedag
Stad: Knarvik Stadion/Nordhordlandshallen.
Start : 13.00 (Knarvik Stadion)
Påmelding Minimila kl 10.00-13.00 i Nordhordlandshallen
Informasjonsmesse - Helse og fysisk aktivitet, pølsefest i Knarvik senter.
Fjord Norway Half Marathon

Søndag 4. september
Informasjonsmesse - Helse og fysisk aktivitet, Nordhordlandshallen
Knarvikmila
Stad: Knarvik Stadion
www.knarvikmila.no

**Temakveld: Brikkevev - Osebergdronningens vevredskap**
5. september kl 18.00
Husflidens Hus i Hillesvåg
Arr. Nordhordland Husflidlag

**Husflidsdagen**
10. september kl 11-15
Husflidens Hus i Hillesvåg. Handverkteknikkar, husflidsprodukt og Kafé med tradisjonsmat. Arr. Nordhordland Husflidslag

**Spor i naturen**
11. september kl 14-17
Kulturminnedagen i Husflidens Hus i Hillesvåg - natursti, sanking av planter til farging og plantefarging. Arr. Nordhordland Husflidslag

**Spor i naturen**
I veke 37 er *Spor i naturen* eit tilbod til skuleborn gjennom Den kulturelle skulesekken. Innføring i ullfibrane sine eigeskaper, plantefarging. Nordhordland Husflidslag i samarbeid med Hillesvåg ullvarefabrikk.

**Utdeling av Ivar Medaasprisen 2011**
Sundag 18. september kl 18.00
Knarvik senter

Utdeling av årets Ivar Medaaspris. Musikk frå ei gruppe fra Heimalanne; "Langs kysten", songar og skodespelar Linda Fosse kjem og visegruppa " Verables". Sjølvsagt kjem også årets prisvinnar. Arr. Komitèen for utdeling av Ivar Medaasprisen

**www.kystsogevekene.no**

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

# Radøy

Adm. senter: Manger
Fylke: Hordaland
Areal: 110 km2
Folketal pr 1.1.11 : 4 8k96
www.radoy.kommune.no



Radøy med tilnamnet "Den grøne øya" syner til den vakre og frodige naturen i kommunen fordelt på 269 øyar holmar og skjer. Radøy ligg sentralt i Nordhordland, 4 mil nord for Bergen. Kommunen er eit eldorado for friluftsinteresserte. Her kan du spasera på stiar tvers over øya i vakkert kulturlandskap. Du kan fiska i innlandsvatn og på dei mange gode fiskeplassane i sjøen.

Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

## Program

**Offisiell opning av kystsogevekene i Radøy, Radøygruppen på Vetås**
Søndag 14. august kl 14.00
Opninga av kystsogevekene i Radøy er i år lagt til Radøygruppen på Vetås. Omvisningsturar på verksemda, turar i lokalmiljøet på Vetås og omvisning på Vetås kai. Underhaldning og høve til å kjøpa mat.

**Bakekurs på Radøystova**
Sletta
Fredag 19. august kl. 19-22 - laurdag 20. august kl. 9-17.
Lær å baka på gamlemåten med bl. anna surdeig. Fredag teori om råvarer, opplæring i baketeknikkar og ein byrjar på deigen. Bak og et pizza. Laurdag gjer ferdig deigane, og steiker brød, rundstykker og bollar. Det vert servert lunsj, som ein lagar i fellesskap. Pris 1230 kroner. Nytt kurs 2. - 3. september, og 16. – 17. september.
Arve Gjellesvik på tlf. 909 33 703

**Grilltreff i Nøtlevågen**
Laurdag 20. august kl 15.00
Radøy sogelag sitt årlege grilltreff er i år lagt til Nøtlevågen, som ligg ved den "Indre farleia". Orientering om staden. Pris inkl. grilltallerken kr 100.

For dei som ønskjer det, vert det gratis guida vandring i Streifløypa (ca 1 t) frå Nøtlevågen til scena i Solheimåsen, der det vert konsert. Hugs gode sko.

**Kveldskonsert i Solheimsåsen**
Laurdag 20. august

**Biedronki vitjar Manger!**
Manger kyrkje
Laurdag 20. august kl 16.00
Polsk/norsk korkonsert med barnekoret Biedronki frå Polen og barnekoret Sing Out, Alversund. I tillegg kjem Songlaget Alvidt/Manger. Billett kr 50/100/200 for barn/vaksen/familie Arr.: songlaget Alvidt/Manger

**Open gard hjå Bjørnar Floen på Ystebø**
Søndag 21. august

**Seglkurs**
Søndag 21. august kl 11.00 - 18.00
Har du lyst til å læra å segla? Roald og Marta Hvidsten tilbyr seglkurs ombord på Colin Archer-skuta Sunniva, som har ein tradisjonell gaffelrigg. Kurset består både av teori og praksis. Pris: 790 kroner inkludert måltid.
Info 56 37 04 88/ 909 18 214

**Ro-knappen**
Slippen, Sæbøvågen
24. august kl 18.00 - ca 20.00
Keipane kystlag vil også i år har ro kampanje, dette er fordi vi ønsker fokus på tryggleiken på sjøen. Målgruppa frå 8 år. Born under 16 år gratis, kr. 50 for vaksne. Nytt for året er segling i flotte a-joller. Påmelding 92034640 / 97423267. Blir også arrangert 7. september.

# Radøy

## Program

**Radøy motorsamling held ope**
Radøyvegen 448 (Kalneset)
Laurdag 27. august kl. 11.00-16.00
Over 200 ulike motorar som har vore brukte i vårt distrikt.
Kaffi og vaflar. Gratis inngang.

**Ville vekster frå naturen**
Midgard på Øvre Manger
Laurdag 27. august kl 10.00 - 18.00
Teori, lysbilete og prøvesmaking. Me dreg på tur, samlar inn og lagar måltid. Pris: kr.600,- (u. 18 år, 300,-)
Påmelding bm@godjord.no Arr: www.godjord.no

**Knutar, spleis og tauarbeid**
Midgard på Øvre Manger
Søndag 28. august kl 11.00 - 14.00
Pris kr 400,-.(U 18 år 200,-). Påmelding bm@godjord.no
Arr: www.godjord.no

**Kvardagliv i 1850 - Skuleklasse på Bogatunet**
Tysdag 30. august - torsdag 1. september
Ein skuleklasse frå Manger skule er på Bogatunet og levandegjer korleis familiar levde på 1850-talet.
Ope tysdag og onsdag i skuletida, og ettermiddag torsdag.
Arr: Radøy kommune og Radøy sogelag

**Songskatten vår**
Sæbø kyrkje
Onsdag 31. august kl 19.00
Ei feiring i ord og tonar av songskatten vår med Olav Marås og William Kay. Arrangør: Radøy sokn og Radøy mållag.

**Politisk debatt**
Utstillingshallen på Radøy ungdomsskule
Måndag 5. september kl. 19.00
Førstekandidatane for dei politiske partia stiller i paneldebatt. Torleiv Frotjold er møteleiar.

**A farm for the future**
Torsdag 8. september Kinosalen på Manger kl 18.00
Film og diskusjon. Gratis. Arrangør www.godjord.no

**Introduksjonskurs til permakultur**
Midgard , Øvre Manger
Laurdag 10. - søndag 11. september
Teori og praktiske oppgåver. Kurset går over to dagar, 12 timar. 10. september kl. 11.00 - 18.00 og 11. september kl 10.00- 15.00. Pris kr 900,- inklusiv mat.
Overnatting kan ordnast. Påmelding bm@godjord.no
Arr: www.godjord.no

**Open Smie**
Kvalheim
Laurdag 10. september kl 18.00 - 21.00
Gamle smiers venner skipar til Open smie på Kvalheim.
Presentasjon av smia, gamalt utstyr og smedteknikkar, og fleire dyktige smedar vil vera tilstades. Prøv deg som smed. www.gamlesmier.com

**Risnesmarknaden**
Risnes
Laurdag 10. september kl 12.00 - 15.00
Risnes-marknad med diverse salsboder. Sal av mellom anna grønsaker, også økologiske. Aktivitetar for store og små.

**Nordanger gardsmuseum held ope**
Søndag 11. september kl 10.00-17.00
Samlingar av ulike gamle gjenstandar frå skular og bygdelivet.

**Familiefiskekonkuranse**
Sæbøvågen
Søndag 11. september kl 11.00
Keipane kystlag inviterer til fiskekonkurranse for heile familien. Ein kan fiska frå land eller båt, og med stang og snøre. Rebuskonkurranse for dei minste. Sal av mat og drikke. Sal av fiskekort startar ved slippen kl. 11.00. Kr 50.- for enkelt personar eller 100.- for familie

**Liv i emigranthusa**
Sletta
Laurdag 17. september kl 11.00 - 15.00
Ver med på nybyggjarliv på Vestnorsk utvandringssenter.
Aktivitetar for heile familien. Arr. Vestnorsk utvandringssenter

**Hauststemne i Emigrantkyrkja**
Sletta
17. - 18. september
Pinsemenigheten Betel Sletta inviterer til møte laurdag kl 19.00 og søndag kl 11.00 og 14. 30. Hovudtalar Osvald Instebø syng med si kona Ragnhild på piano. Søndag Tertnes Musikklag som med friske songar. Matservering i Betel søndag.

# Meland

Adm. senter: Frekhaug
Fylke: Hordaland
Areal: 90,4 km2
Folketal pr 1.1.11: 6 824
www.meland.kommune.no



## Eit samfunn for alle

Meland kommune med kring 6000 innbyggjarar, er inngangsdøra til Nordhordland. Nordhordlandsbrua har gjort øykommunen Meland landfast med Bergen. Reisetida frå Bergen sentrum til kommunesentret på Frekhaug er knappe 30 minutt. Ein tur over frodige Holsnøy, den største øya i kommunen, viser eit innhaldsrikt kulturlandskap med mange spor etter historia; steinhus, bakkemurar, sjøbruksmiljø og setegardar for kondisjonerte byborgarar. Meland Golf og Naturpark gjev med sitt område på 900 mål rekreasjon og naturopplevingar både for golfarar og andre.

# Program

### Andrea Rice m band

Holmeknappen
14. august kl 19.00
Andrea Rice og bandet hennar var i Galleri Rustica i fjor til glede for mange. I år kjem norgesvenen Andrea Rice tilbake med konsert og session. Saman med bandet sitt har ho med programmet *The best of Ireland Folk and ballad*. Flotte artistar og god stemning.
www.andreariceband.com

### Kystsogedagane i Meland

Holmeknappen
Laurdag 27. august
11.00 Offisiell opning av Kystsogedagane i Meland v/ ordførar Nils Marton Aadland.

11.00 - 16.00 **Marknad på Holmeknappen**
Sal / utstilling av kunst- og handverksprodukt, utstilling av gamle kjørety og tradisjonsbåter. Aktiviteter for barn og unge. Sal av tradisjonsmat som sild, lefser med mer, samt grønt og småskalaprodukt. Open kafé med middag og kaffimat.
Underhaldningsinnslag frå scena heile dagen. D/S Oster og M/S Vestgar ligg ved kai, opne for omvisning.

Kl 13.00 Konsert med gruppa **Jan Mayen** med utdrag fra deira nye CD "Snu deg mot meg"

Ca 13.30 håper vi på besøk av *Hurtigruten*

Show med **motorsagkunstner** Arne Askeland.

Holmestova og Sjøbua har utstilling er opne for omvisning. Her kan ein sjå **Holmeknappen i eit anna lys**, Elisabeth Garberg stiller ut foto både i Holmestova og Sjøbua. Spennande musikkinslag i Holmestova der Birgitte Bakke spelar Hang. Galleri Rustica sin Kystsogeutstilling er Med damp og med køl! Ei maritim og nostalgisk utstilling med biletkunstnaren Roald Grimsø, maleri og akvarell. www.gallerirustica.no

Spennande musikkinslag i Holmestova der B**irgitte Bakke spelar Hang**. Vigdis Valde held foredraget *Spinning i Meland før og no* i Galleri Rustica. www.gallerirustica.no

### D/S Oster går båtrute i Herdlafjorden

18.00 - 23.00 D/S Oster går tur fra Holmeknappen til 14 gamle stoppestader i Herdlafjorden etter ei båtrute fra

# Meland

## Program

1934. Musikk, rekebuffet og servering om bord.
Tinging av billetter Åge Skjelvik tlf 97686875

**Kystsogedagane i Meland**
Holmeknappen
Sundag 28. august
09.00 Frokost i kafeteltet

11.00 **Friluftsgudstjeneste** på Holmeknappen kai.
Utdeling av Meland Kommune si kulturrose.

12.15 Konsert med *Kor i alle dagar* Eit damekor fra Hardanger med Halfdan Sivertsen repertoar.

Ca 13.30 håper vi på besøk av *Hurtigruten*

12.00 - 16.00 *Marknad og underhaldning* på Holmeknappen 11.00 - 16.00 Sal / utstilling av kunst- og handverksprodukt, utstilling av gamle kjørety og tradisjonsbåter. Aktiviteter for barn og unge. Sal av tradisjonsmat som sild, lefser med mer, samt grønt og småskalaprodukt. Open kafé med middag og kaffimat.

Sjøbua, Holmestova og Galleri Rustica er opne med utstillingar.

Vigdis Valde held foredraget *Spinning i Meland* før og no i Galleri Rustica. www.gallerirustica.no
Birgitte Bakke spelar på det fascinerande ufoliknande instrumentet *Hang*.
D/S Oster og M/S Vestgar ligg til kai opne for omvisning.



**www.kystsogevekene.no**

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

# Osterøy

Adm. senter: Lonevåg
Fylke: Hordaland
Areal: 274,6 km2
Folketal pr 1.1.11: 7 465
www.osteroy.kommune.no



### Utvikling - Samhald - Livskvalitet

Osterøy, den store innlandsøya ligg omkransa av Osterfjorden, Veafjorden og Sørfjorden. På Osterøy finn du einestående lagsliv, småindustri og rike handverkstradisjonar. Jordbruket er også viktig som næringsveg. Ein rundtur på Osterøy gjev høve til å oppleva eit spennande kulturlandskap. Fjell og dalar opnar for varierte naturopplevingar og aktivitetar.

Reiseliv sjå www.osterfjord.net



## Program

**Osterøy Museum, Gjerstad**
Tysdag-fredag kl 10.00 - 15.00
Søndagar kl 12.00 - 17.00
Friluftsmuseum med bygningar frå 1650 til 1920. Utstillinga Folkekunst frå samlingane etter Olav R. Tjore. Sundagskafé med stompakake.
www.muho.no/osteroy-museum

**Havråtunet**
Ope kvar sundag frå 5.06 til 25.09 med omvisning kl 12.00 og 13.30 Ope tysdagar og onsdagar i skuleferien for omvising kl 12.00 og 13.30, eller ring for avtale om omvising.
Arr. Stiftinga Havråtunet www.muho.no/havratunet

**Hosanger**
Sundagar frå 5.06-21.08 kl 15.00-18.00
Open kafe, galleri, galleributikk, treskoverkstad, retro/redesign salsutstilling, Marka-kunstløype m.m.
I Kystsogevekene tom. 21.08 utstilling ved Tove Veidug, teikning, måleri og skulptur.
Arr Vener av Mjøsvågen

**Konsert med Andrea Rice m/band**
Solbjørg
Fredag 12. august kl 20.30
Konsert og dans i ungdomshuset med irske Andrea Rice m/band. "The best of Irland. Folk and Ballad"
www.andreariceband.com

**Kulturdagane på Osterøy, 4. - 11. september**
Osterøy kommune har valt å leggje sine kulturdagar *Osterøy ... i dag* til Kystsogevekene.
Sjå www.ostranett.no
I tillegg til arrangement som står her, kan det koma fleire til. Osterøy kommune skal dela ut sin kulturpris i denne veka, arrangementtidspunkt vert kunngjort seinare.

**Songar frå bedehusland**
Hauge bedehus
Onsdag 7. september kl 19.00
Song- og musikkandakt med Lise Einarsen Haukås og Kari Sæle. Mat og drikke i godt lag.
Arr. Gjerstad, Hauge og Valestrand indremisjon

**Ope hus - kom og ver med på ein dansekveld**
Grønskaret
Torsdag 8. september kl 18.00
Osterøy seniordans inviterer til dansekveld.

**Alternativ haustmarknad**
Solbjørg ungdomshus
Laurdag 10. september kl 11.00 - 18.00
Solbjørg ungdomslag inviterer til ein marknad utanom

## Program

det vanlege - økologisk, åndeleg og alternativ. Alt med rot på Osterøy.

**Skjulte skattar - spor i landskapet**
Gjerstad
Laurdag 10. september kl 18.00
Ei kulturhistorisk vandring på Gjerstad.

**Havråtunet**
Havrå
Sundag 11. september kl 12.00 og 13.30
Omvising i tunet. Gratis inngang. www.muho.no/havratunet

**Skjulte skattar - spor i landskapet**
Raknes
Sundag 11. september - Kulturminnedagen kl 12.00
Ei kulturhistorisk vandring på Raknes. Start på busstoppen ved mjølkerampa, gå den gamle sjøvegen. Ta med niste og gode klede! Arr. Osterøy Museum www.muho.no/osteroy-museum

**Bingo med musikk**
Hamretun
Sundag 11. september kl 16.00
Hamre/Hjellvik musikklag inviterer til bingo med musikk. Servering av kaker, kaffi og saft.

**Vandring på kyrkjevegen**
Låstavatnet
Sundag 11. september kl 16.00
Lonevåg helselag og Lonevåg grendaråd tar deg med på kulturvandring på den gamle kyrkjevegen til Gjerstad. Frammøte i Flatevad.

www.kystsogevekene.no

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

# Bergen

Adm. senter: Bergen
Fylke: Hordaland
Areal: 465,4 km2
Folketal pr 1.1.11: 260 392
www.bergen.kommune.no

Bergen fekk bystatus av Olav Kyrre i 1070. Tørrfisken var basisen for handelen og byen sin framvekst. Frå 1360 etablerte Hansaforbundet seg med det Tyske kontor på Bryggen i Bergen. Utover i seinmiddelalderen byrja folk nordfrå sjølv å frakte varane sørover - nordlandsfarta og jektefarta starta. Frå midten av 1800-tallet var tørrfiskhandelen framleis ein viktig del av det økonomiske fundamentet, og flamleis kom jekter stevnande inn Vågen, men dampskip tok etter hvert over frakten av lasten. Bergen er famleis ein viktig hamneby i Noreg, med cruiseskip, lasteskip og som hamn for fiskeflåta ved dårleg ver.

Reiseliv sjå www.visitbergen.com



# Program

**Torgdagane i Salhus**
Laurdag 27. og søndag 28. august kl 12.00 - 17.00
Arrangementet foregår på Torget / Kaien i Salhus med telter og scene. Kunsthåndtverk, lokale matprodukter, trampolinemesterskap, ballmestring, lengdehopp og løp konkurranse Salhus Musikklag og Salhuskoret underholder

**Norsk Trikotasjemuseum i Salhus** har ope med omvisningar, film, utstilling, kulturminneløype, arrangment for barn, kafe og museumsbutikk kl 12.00 – 17.00. muho.no

**Gøy på landet**
Hordamuseet/Stend
Søndag 28. august kl 11.00 - 16.00
Gardsarbeid, fiske og naustliv er tema for Hordamuseet sitt nye familiearrangement.
Hopp i høyet eller bli med på tur med hest og vogn?
Båtknutar og motorar, tradisjonshandverk.
Nokre smakebitar av dei mange aktivitetane du kan vere med på denne dagen. bymuseet.no

**Sandviksdagene**
3.- 4. september kl 10.00 – 16.00
Sandviksboder Kystkultursenter
Utstilling og kjøring av veteranmotorar, modellbåtkjøring og utstilling, turar med vikingskipet og andre båtar. Fisketurar i regi av Norges Fiskerimuseum, Motivasjon & Mestring. Ulike andre aktivitetar for store og små.

Norges Fiskerimuseum med ulike utstillingar, servering og aktivitetar. Bodvandringer. Slepebåten "Vulcanus" www.kystkulturbergen.no

**Gamle Bergen**
4. september kl 12.00 – 16.00
Gamle Bergen Museum. Åpen mølle og snekkerverksted. Gratis adgang. bymuseet.no

**Bergenhusdagene**
Festningen
Laurdag 10. - søndag 11. september kl 12.00 – 18.00

Håkonshallen feirar i år 750-årsjubileum. Håkonshallen har ein sentral plass i handels- og kystbyen Bergen, anlegget har sida 1200-tallet vore det første som møter besøkande som kjem sjøvegen. På årets Bergenhusdagar vert det ekte ridderturnering med hestar, kampoppvisning med Kongshirden, omvisingar, foredrag, middelaldermarked og ulike aktivitetar for barn (kampskole, verkstad, pil og bue, trebuchet, aktivitetsløype), musikk og mykje liv. Gratis.
Parade frå Vågsbunnen begge dagar. bymuseet.no

# Askøy

Adm. senter: Kleppestø
Fylke: Hordaland
Areal: 100,5 km2
Folketal pr 1.1.11: 25 602



Det gamle namnet på Askøy er Fenring (ordet fen tyder myr). Askøy som namn kom truleg i bruk i seinmellomalderen. Askøy er den folkerikaste landkommunen i Hordaland med over 25 500 innbyggjarar i 2011. Askøy vart knytt til fastlandet med Askøybrua som vart opna i 1992. Avstanden mellom det kommunale administrasjonssenteret i kommunen, Kleppestø på søre Askøy til Bergen sentrum er 14 km og avstanden frå Kleppestø til Herdla heilt nord er 28 km.

Reiseliv sjå www.kysteventyret.no

## Program

**Performancefestivalen «Mellom himmel og hav III»**
Herdla
Laurdag 20. august kl 13.00 -19.00
Søkelys på møtet mellom menneske og natur. Publikum vandrar på eiga hand i landskapet, og undervegs vil folk få sjå dei ulike hendingane som alle under denne festivalen strekk seg over lang tid. Høve å kjøpe mat og drikke. Kunstnarar frå Spania, Indonesia, England og Noreg. Gratis.
Arr. Foreininga AktB ved Robert Alda, Kurt Johannessen og Rita Marhaug, med støtte frå Museum vest.

**De Zee Ploeg - konsert**
Herdla kyrkje
Laurdag 20. august kl 19.00
Det vert konsert laurdagskvelden, meir informasjon kjem seinare.

**Herdladagen**
Herdlevågen
Søndag 21. august
**Gudsteneste** i Herdla kyrkja kl 12.00
Frå kl 13.30 **Marknad og underhaldning** i Herdlevågen.
-Matservering, Askøybelgen speler, Eliasbåtane kjem.
Skattejakt og rokonkurranse. Vestgar kjem.
**Foredrag** om Øygardsbåtane v. Erling Virkesdal
**Berit Haapoldøy** held konsert på Herdla museum
På Herdla fort: Open flyutstilling og ope torpedobatteri.
Veteranbuss frå Kleppestø kl 11.00 - Strusshamn kl 11.15

**Hanevikdagen**
Hanevik
Søndag 4. september kl 12.00
Fram til 1964 hørte Hanevik krets til Alversund og Meland sokn. Kommunikasjonen med omverda gjekk via sjøen. Kyrkje, lensmann, jordmor, lege og skole låg under kommunesenteret på andre sida av fjorden. Hanevik kai var knutepunktet.
Veteranbuss frå Ask kjem til Hanevik kl 12.
Kl 12 - Opning og velkomst på kaien. Kulturinnslag
Kl 13 - **Foredrag i Losjehuset v/ Linda Lien**: Lokal identitet i ei global tid
Utstillingar, salsboder, underholdning, kulturelle innslag, leiker og aktivitetar i naust og på kaier.
Matservering i bodar og naust.
Kl 17 – Avslutning
Buss går i retur til Ask.
Arrangør: Hanevik velforening.

**Aktivitet i Strusshamn**
Søndag 11. september
Kvitegaleasen *Loyal* vil vere i Strusshamn.
Meir informasjon kjem. Sjå www.kystsogevekene.no

**Kystsogeseilas med *Loyal***
*Loyal* ankrer opp til ein kai i kvar av kommunane Askøy, Øygarden, Fjell og Sund. *Loyal* legg til kai om søndagane og er opne for folk som vil om bord. Det kan også bli arrangement om bord. På kvardagen kan Loyal ta i mot skuleklassar.
*Loyal* er i Strusshamn på Kulturminnedagen og tilgjengeleg for skuleklassar måndag 12. september. Arr IKKUS.
Meir informasjon kjem.

# Øygarden

Adm. senter: Rong
Fylke: Hordaland
Areal: 66,6 km2
Folketal pr 1.1.11: 4 300

Ei rekkje øyar, holmar og skjer utgjer Øygarden; heile 500 ved fjære sjø. Etter at ein fekk ferjefritt samband har kommunen vore i ei rivande og utfordrande brytningstid kjenneteikna mellom anna ved jamn og stor folkeauke og mange nye etableringar innan næringslivet. Dei viktigaste næringsvegane er knytte til sjøen. I dag er kommunen leiane innan havbruk og fiskeoppdrett. Frå sjøen kjem også olje og gass til industrianlegg som gjev kommunen stor utvikling og viktige arbeidsplassar. Regionen har og gode vilkår for friluftsliv, fiske og sjøsport.

Reiseliv sjå www.kysteventyret.no



## Program

**Ovågen - tett på vågen**
Tirsdagar kl 11.00
13.07.2011 - 31.08.2011
Oppmøte på Kystmuseet i Øygarden. Vandring kring den innarste delen av vågen. Her finn vi 10 000 år med natur- og kulturhistorie. Tidsbruk 45 min.
Tlf: 56385050, kystmuseet@museumvest.no
www.museumvest.no

**Hjelme gamle kyrkje - den første kyrkja i Øygarden**
Torsdagar kl 17.00
13.07.2011 - 31.08.2011
Oppmøte ved Hjelme gamle kyrkje frå 1875, her får vi historien om fiskarbøndene sin innsats for å få reist kyrkja, om kyrkjereiser i båt og til fots og om tradisjonar kring kyrkjelege handlingar. Tonar frå den lokale salmesangtradisjonen.
Tidsbruk: 45 min. Rutebuss til Sæle/Hjelme kryss (470-479) frå Bergen. Kontaktin Egil Sæle Tlf: 92625391 egilas@online.no

**Hernar - ein utpost til Nordsjøen**
Fredagar kl 15.45
13.07.2011 - 31.08.2011
Oppmøte på Rutebåtkaien på Hellesøy. Øya Hernar har vore eit knutepunkt for ferdsel til Vesterhavsøyane i norrøn tid og ein viktig handels- og gjestgjevarstad dei siste hundreåra.
Reis tilHernar med Rutebåt frå Hellesøy. Tidsbruk 1 time.
Rutebuss til Hellesøy (470-479) frå Bergen.
Kontaktinformasjon Egil Sæle Tlf: 92625391 egilas@online.no

**Adnestova - heimen til fiskarbonden**
Laurdagar kl 14.30
13.07.2011 - 31.08.2011
Oppmøte Adnestova på Sæle. Adnestova er den einaste stova som står att etter eit gammalt klyngjetunLivsvilkåra for fiskarbonden og fellesskapen i tunet. Etter forteljinga kan ein vandre i den blomstrande kysthagen på Skredberget med utsyn over Nordsjøen. Tidsbruk: 1 time. Rutebuss til Sæle kryss(470-479) frå Bergen. Egil Sæle Tlf: 92625391
egilas@online.no

**Nordsjøløypedagen i Øygarden**
Hjelme
4. september kl 12.00
Oppmøte Gamle Hjelme Kirke, Vestlandsforteljing om Gamle Hjelme Kirke, kr 70 pr pers.
Deretter 2-timars tur i Nordsjøløypa frå Hjelme til Bakken, vidare vest til Gløvreneset og tilbake over Stakkjen til Hjelme.

**Kulturminnedagen - Skjulte skatter - spor i landskapet**
Kystmuseet i Ovågen
11. september 12.00-14.00
Fortellerkafé på Kystmuseet i Øygarden
Kl 14.00 Guida tur ute i landskapet, stad kjem seinare.
www.museumvest.no

**Kystsogeseilas med Loyal**
Kystmuseet i Ovågen
18. - 19. september
Kvitegaleasen *Loyal* ankrer opp til ein kai i kvar av kommunane Askøy, Øygarden, Fjell og Sund. Loyal legg til kai om søndagane og er opne for folk som vil om bord. Det kan også bli arrangement om bord. Søndag 18. september er *Loyal* i Ovågen ved Kystmuseet. Måndag er *Loyal* tilgjengeleg for skuleklassar i Øygarden. Arr IKKUS. Meir informasjon kjem.

# Fjell

Adm. senter: Straume
Fylke: Hordaland
Areal: 148,1 km2
Folketal pr 1.1.11: 22 220
www.fjell.kommune.no



Fjell kommune grensar i sør til Sund, i aust til Bergen, i nord til Øygarden og i vest til storhavet. Kommunen er fordelt på nordre delen av Sotra, Litle-Sotra, Bildøyna og om lag 270 større og mindre øyer og holmar. Folketalet har vorte meir enn tredobla i løpet av 35 år. Side om side med folkeauken har kommunen utvikla seg til eit moderne samfunn med gode kommunikasjonar og eit rikt tenestetilbod. Overalt i kommunen har du lett tilgong til rike natur- og kulturopplevingar. Du kan slengja ut snøret og få deg ein kokefisk, du kan bada og driva sjøsport, du kan vandra over blankskura svaberg, knausar og koller, du kan nyte fuglesongen i bjørk og kratt, fargespelet i lyngen og lukta av brake. Steingardar og heimebøar, naust og bryggjer, trebåtar og nothengjer er storslåtte minne over ein smålåten kultur. Går du opp i Liatårnet 341 mover havet og det høgste punktet på Sotra, ser du vidt og fritt frå Hjeltefjorden til Folgefonna, og utover mot havet som blenkjer - eller reiser seg i sitt velde - i vest.
Reiseliv sjå www.kysteventyret.no

## Program

### Russarfangane - krigsfangar til festningsarbeid

Søndagar kl 14.00
Oppmøte på Gjerdet Kulturminnegard sør på Fjell gard. Fjell gard vart dagleg påverka av den store byggjeaktiviteten som den tyske okkupasjonsmakta hadde på Fjell festning. Arbeidskrafta var sovjetiske krigsfangar. Vandring i bratt terreng, 600m.
Tidsbruk: 1 t. Rutebuss (450-459) frå Bergen
Museum Vest, Fjell Festning Tlf: 56335454
fjell@museumvest.no www.museumvest.no

### HavFestivalen

Laurdag 13. august
Storasundet, Syltøy
Dagtid: 11.00 - 17.00 **Familiedag** med artister som Tomine Harket, Endre Nordvik og mange aktivitetar for store og små, som blant anna Eliasbåt, hesteridning, klatretårn m.m
Kveldstid: 19.00 - 01.30 **Konsertar** med Vestlandsfanden, Endre Nordvik, Frank Hammersland, Christine Guldbrandsen, m.fl. (18 års aldersgrense)
www.havfestivalen.no

### Kystsogeseilas med Loyal

Langøymarknaden
28. - 29. august
Kvitegaleasen *Loyal* ankrer opp til ein kai i kvar av kommunane Askøy, Øygarden, Fjell og Sund. *Loyal* legg til kai og er open for folk som vil om bord. Det kan bli arrangement om bord. Søndag 28. august er *Loyal* på Langøy Kystkultursenter og Langøymarknaden.
Måndag er Loyal tilgjengeleg for skuleklassar i Fjell.
Arr IKKUS. Meir informasjon kjem.

### Langøymarknaden

Laurdag 27. august og søndag 28. august kl 12.00 - 17.00
Også i år frå vi oppleva den tradisjonsrike Langøymarknaden. Det vert salsboder, musikk, aktivitetar, båtar og skillingsbollar! På laurdagskvelden vert det bryggjedaans. Arr Fjell Kystlag og Lokøy Vel.
**Laurdagskvelden vert det god, gammaldags dans i Gamlanaustet** Kl 21.00 - 01.00

### Nordsjøløypedagen i Fjell kommune

4. september
Aktivitetsdag i Kårtveitpollen med Sotra og Øygarden jeger- og fiskarforening. Nest Sotra Friidrett arrangerer tur i **Nordsjøløypetraseen på Ågotnes**

# Sund

Adm. senter: Skogsvåg
Fylke: Hordaland
Areal: 99,7 km2
Folketal pr 1.1.11: 6 265
www.sund.kommune.no

## Livet ved havet

Verdikommunen Sund ligg sør på Sotra og har ein praktfull natur mot kysten og havet. Lokale natur- og kulturopplevingar og kulturhistoriske verdiar er fokus for Sund kommune. Det vert elles lagt vekt på trygge bumiljø, gode oppvekstvilkår og aktiv medverknad i ein desentralisert krinsstruktur. Sund satsar på levande nærmiljø med god livskvalitet. Kommunen er og aktiv med i samarbeidsprosjekt i regionen og i internasjonalt kulturarbeid. Barn og unge har hovudfokus i arbeidet med vern, vekst og utvikling Reiseliv sjå www.kysteventyret.no



# Program

### Kystsogeseilas med Loyal

26. - 27. august
Kvitegaleasen *Loyal* ankrer opp til ein kai i kvar av kommunane Askøy, Øygarden, Fjell og Sund. *Loyal* legg til kai og er open for folk som vil om bord.
Det kan bli arrangement om bord.
Første stopp er skuleklassar i Sund, på fredag før opninga av Periferifestivalen. Laurdag er *Loyal* på Periferifestivalen. Søndag dreg Loyal vidare til Fjell. Arr IKKUS. Meir informasjon kjem.

### Periferikonferansen

Glesvær
Fredag 26. august
Tema: Kultur og kulturnæringa si rolle i regional utvikling.
www.periferifestivalen.no

### Periferifestivalen

26. - 27. august
Periferifestivalen er ein festival for deg som vil oppleva god musikk i eit unikt festivalmiljø. I havgapet sørvest på Sotra ligg Glesvær, det perifere sentrum for Periferifestivalen. Bygda, havet og naustmiljøet gjev stemning og atmosfære - der havsus møter populærmusikk. Sjå heile programmet på www.periferifestivalen.no

### Nordsjøfartmuseet, Museum Vest

Telavåg
Fram til 31.08.11
Telavågløypa guida turar i Nordsjøløypa Kr 30,- pr. pers, min. 5 personar pr. tur. Tur etter avtale i vekedagane, unntatt laurdag. Søndagar kl 14.00.
Afghanistan - ei fotoutstilling av Håvard Bjelland
www.museumvest.no
Museet er ope Mai - august: måndag - laurdag kl. 11-16, søndagar kl. 12-17. September – april: søndagar kl. 12–17

### Selstøbuene - frå notbu til hytteparadis

mandagar kl 13.00
13.07.11- 31.08.11.
Oppmøte på Nordsjøfartmuseet tur i Nordsjøløypa til Selstøbuene. På denne turen får du innblikk i korleis fiske var før i tida, terrorhandlinga i Telavåg i 1942 og etterkrigstida i bygda. 1 km, vått terreng, 1,5 t. Rutebuss (450-459) frå Bergen. Museum Vest Nordsjøfartmuseet i Telavåg Tlf: 56327440 nordsjofart@museumvest.no
www.museumvest.no

### Kyststemne i Trellevik

28. august kl 11.00
Gudteneste
Vandring/båttur i øyriket, prøva jollesigling, kano- og kajakkpadling, styra Elias frå Redningsselskapet
Oselvarregatta om Trellevikpokalen. Underhaldning i naustet med premieutdeling. Kafe i skjenkestova. Konsertprogram om Johannes Kleppevik med Ole Fjeld i Trelleviknaustet. Gratis. Arr. Folkeakademiet Sund, m fl.

### Tur i Nordsjøløypa

Søndag 28. august kl 11.00
Frå Handelstaden på Glesvær, guida tur til Museum Vest Nordsjøfartmuseet. Turavgift.

# Austevoll



Adm. senter: Storebø
Fylke: Hordaland
Areal: 117,2 km2
Folketal pr 1.1.11: 4 680
www.austevoll.kommune.no



## Austevoll - ut mot hav

Austevoll er den største fiskerikommunane i Norge med stor aktivitet innanfor den havgåande fiskeri. Det er over 4600 innbyggjarar fordelte på 12 busette øyer. Kommunen har totalt 667 øyar, holmar og skjer. Kommunesenteret ligg på Storebø. Austevoll er og blant dei største oppdrettskommunane i landet. Næringa gjev fleire hundre arbeidsplassar innan oppdrett, foredling, transport, produksjon av utstyr og forsking. I Austevoll finnes også 3 offshoreselskap der DOF er det største. Offshoreflåten frå Austevoll tel snart 100 farty. Austevoll er knytt i saman av ei mengd bruer, og då den nyaste er brua mellom Huftarøy og Hundvåkøy vart opna i 2007, vart 97 prosent av austevollingane knytte saman med vegsamband. Reiseliv er eit satsingsområde for Austevoll og næringa utviklar seg stadig. Bekkjarvik som har vorte kåra til årets gjestehamn i Båtmagasinet er lokomotivet i denne satsinga.
Reiseliv sjå www.visitaustevoll.no

# Program

### Kystsogehelg i Bekkjarvik

13. - 14. august
Mykje liv og kystkultur samla på ein stad. Det blir marknad og underhaldning. I det særprega konsertlokalet Hengjo, den gamle nottørka, får også publikum ein stemingsfull konsertaften.

Laurdag 13. august:
**Torgdag på kaien i Bekkjarvik**, frå kl. 10.00
kl 12.00 Offisiell opning av Kystogehelga i Bekkjarvik
kl 15.00 Rokonkurransen ***Årets sildajenter*** går av stabelen!Det blir kappestrid der damene får syne fram sine samarbeidsevner og kunnskap i tradisjonell roing med mange par årer, og kåring av Årets sildajenter.
kl 20.00 i Hengjo, Bekkjarvik: **Bergen Unge Kammerorkester m/solist Helene Bøksle**
kl. 22.30 Midnattskonsert med
**Rein Alexander i Stolmen Kyrkje**

Søndag, 14. august
Kl 12. 00 Utegudsteneste på Skjeret
i Bekkjarvik Songinnslag

### Alt og Ingenting

Kulturbakeriet, Storebø
27. august kl 15.00
Dukketeaterforestilling, barneforestilling med ensemblet Dukkenikkerne.

### Kystkulturaften

17. september
Ungdomshuset på Stolmen
Opplesning med gamle historier, musikk slik den var i tidlegare tider. Gamaldans seinare på kvelden.
Arr. Stolmen Vel og Landskapsparken Stolmen

# Tysnes

Fylke: Hordaland
Areal: 255,2 km2
Folketal pr. 1.1.11: 2 756
www.tysnes.kommune.no



### Tysnes - Gudeøya Tysnes

Tysnes ligg i hjarta av Sunnhordland, og ber med seg det beste av både dei ytre og indre stroka. Blankskura svaberg, fjell- og furuskog, skjergard, stupbratte fjellsider og område med fjelltoppar på over 750 meter.
Reiseliv sjå visitsunnhordland.no
*Gudeøya Tysnes - framtid på historisk grunn* er motto for kommunen vedteke av Prosjekt 3012 som har jobba for å snu utviklinga på øya positivt, å skape optimisme, folkevekst og veksande næringsliv. Njardarlog er det gamle namnet og gudeøya er eit tilnamn som spelar på dette gamle namnet og tilknyting til hav- og grødeguden Njord og til det noverande namnet Tysnes med referansar til guden Tyr. Tysnes er ei mytisk øy med mykje kultur og historie. På Onarheim var det Olavsgilde.

## Program

### Dansegalla i Tysneshallen
Gjerstad
Laurdag 20. august kl 20.30 - 02.00
Tradisjonen tru vert det arrangert dansegalla under Kystsogevekene. Det blir god gamaldags nonstop dansemusikk med Gruppesax og Tor Endresen med band. Mat, øl, og vinservering, busstransport, bubilcamp og flott gjestehamn i Våge.
Arr. Tysnes musikklag

### Ballastrøysar og handel over havet
11. september Kulturminnedagen kl 14.00
Tysnes/Skorpo skule
Eit tilbakeblikk på handelen over havet mellom folka på Shetland / Orknøyane og Vestlandet i farne tider.
Kåseri v/ Mikal Heldal  Arr: Tysnes sogelag

### Husflidsmesse i Tysneshallen
Gjerstad
Laurdag 17. og sundag 18. september
Laurdag ope frå kl. 11.00-16.30
Sundag ope frå kl. 12.00-16.30
Utstillinga *Barndom på Tysnes på 1950- og 60-talet* av Britt Kjellesvik Rage
Sal av husflidsprodukt frå mange ulike utstillarar.
Arr. Tysnes Husflidslag

# Fitjar

Adm. senter: Fitjar
Fylke: Hordaland
Areal: 142,8 km2
Folketal pr 1.1.11: 2 929
www.fitjar.kommune.no



## Det nære øyriket

Fitjar er kjend som sogebygda i Sunnhordland og hovdingane her "Fitjung-sonum" er nemnd i Håvamål, det eldste sogeskriftet i Noreg. Håkon den Gode var sterkt knytt til Fitjar. Til minne om slaget mot Eiriksønene vart statuen av Håkon den Gode reist i Fitjar sentrum i 1961 og avduka av kong Olav. I dag er Fitjar ein livskraftig kommune i vekst. Me har ein fantastisk skjergard og det vert hevda at det er like mange øyar utanfor Fitjar som det er dagar i året. Samstundes er det kort veg til høge fjell. For mange som ferdast langs E39 er Sandvikvåg ein kjend ferjestad, hjerfrå er det kun 6 km inn til Fitjar sentrum som har eit godt utbygd nærings-, kultur- og servicetilbod. Fitjar har eit variert og moderne næringsliv. Tilrettelagde industri-, nærings- og bustadareal står klart for å ta imot nye Fitjarbuarar. Reiseliv sjå www.visitsunnhordland.no

# Program

### Forteljinga om Madli under apalen

Torsdag 1. september kl 19.00
Peraløo i Vik

Forteljing ved Johanne Øvstebø Tvedten. Bygd på Jens Tvedt sine romanar *Madli und' apalen og Guds løn*. Inngong kr. 100,- Samarbeid mellom Sunnhordland Museum og eigarane av Peraløo. www.sunnhordland.museum.no

# Stord

Adm. senter: Leirvik
Fylke: Hordaland
Areal: 143,6 km2
Folketal pr 1.1.11: 17 804
www.stord.kommune.no

## Stord

Stord er einaste byen i Sunnhordland og senter for regionen. Her er knutepunkt for kommunikasjonane innan og til og frå Sunnhordland. Ved sida av landbrukstradisjonane har Stord utvikla seg til å bli Noregs største industrikommune med 5000 tilsette i offshorerelatert industri, skulesenter og eit breitt spekter av serviceverksemder. Kvar du enn er i kommunen hr du stranda og høgfjellet innan kort avstand. Stord har eit rikt planteliv og variert berggrunn. Kristtorn som veks villig og fritt, er motiv i kommunevåpenet.
Reiseliv sjå www.visitsunnhordland.no



# Program

*Vervadagen* som Sagvågen Kystlag brukar arrangere på Jensaneset utgår diverre i år, på grunn av diverse grunnarbeid i området. www.sagvaagen-kystlag.no

**Open dag ved Sunnhordlandstunet**
laurdag 3. september
Sunnhordland museum arrangerar open dag med aktivitetar som handverk, baking og pilebinding.
sunnhordland.museum.no

**Bronsealdergravrøysa på Huglo.**
**Eit 3000 år gamalt spor i landskapet**
Huglo
11. september -Kulturminnedagen kl 13.00
Startsstad: Omnshuset på Nordhuglo
Orientering om prosjektet og bakgrunnen for det.
Foredrag ved Bård Gram Økland. Tur ut til gravrøysa.
Møt born i bronsealderklesdrakter, opptekne av ymse aktivitetar. "Opning" av røysa med snorklypping, og avduking av infotavle. Demonstrasjon av mat (truleg fisk) tillaga i kokegrop med smaksprøvar.
Servering av *skogskaffi* og kaffimat og saft.
Arrangementet er gratis.
Arrangør: LivOGLyst Huglo

# Bømlo

Adm. senter: Svortland
Fylke: Hordaland
Areal: 246,3 km2
Folketal pr 1.1.11: 11 421

Bømlo er Sunnhordland sitt ytste vern mot eit storhav i vest som gjev arbeide og kvile, sorg og glede til menneska som bur på dei 1000 øyane som kommunen er sett saman av. Folket har til alle tider vore knytt til sjøen. I dag er det skipsfart, fiske, fiskeoppdrett og høgteknologiske verksemder knytt til det maritime miljøet som pregar næringslivet. Øyriket er eit eldorado for båtfolk og fritidsfiskarar, og for kulturinteresserte som søkjer opplevingar tufta på gamle og rike tradisjonar.

Reiseliv sjå www.visitsunnhordland.no



## Program

**Brandasunddagane**
13. og 14. august kl 10.00 - 17.00 begge dagar.
På den gamle Handelsplassen vert det arrangert Brandasundsdagane med torghandel, loppemarked, auksjon, bevertning, trekkspillmusikk, kystkulturaktiviteter. Arr; Johnsen landhandel, Øyvinds Treprodukter, Naustvika Ullverkstad.

**Goddodagane**
Austvik/Goddo 13. -14. august
kl 12.00 - 18.00 begge dager
*Galleri 3.16 Kunstcafè*
Utstilling av gyllenlær - glasskunst. Utsal av kunsthåndverk. Kunst fra Bømlo. Kafè. Musikkinnslag.

**Kystsogevekeutstillar Bjørg Thorhallsdottir**
Moster Amfi
20. august til 25. september
Utstillingsopning laurdag 20. august kl. 12.00, ved Jorunn Skåden. Musikalsk innslag.
www.mosteramfi.no

**Kystsogedagane på Langevåg**
Bømlo/Langevåg 26. august -27. august
Fredag 26. august
kl 18.00 - 06.00 **LAN** for ungdom fra 7. klasse og oppover

Laurdag 27. august
10.00 - 11.00 Frokost på Bygdatunet kafe.
12.00 Redningsselskapet stiller med Eliasbåt.
Dyrehage,husflidsaktivitetar, modellbåtutstilling.
Oselvarlaget og Åkrahavn Fartøyvern forening.
**Ove Rocketroll**, Noas Ark, Grilling av kjøtt, Aimasjonsfilm, tryllekunstner **Ruben Gazki**, politike rutspørring,danseoppvisning. Konferansier Franc Ole Olsen.

**Revy og dans**
Innslepp kl 20.00 (frå 18 år)
**Korinor og Helge Riises orkester** med showet *Molly meets Dolly*. Dans og underholdning med Helge Riises orkester. Gjestehavn og bobilparkering. Arr.: Langevåg

# Bømlo

## Program

Bygdatun, Bømlo Idrettslag, Bømlo Skyttarlag, Bømlo Båtlag og Bømlo Tur og Sogelag. www.bygdatunet.no

**Kystsogedag på Baadeholmen, Espevær**
28. august kl 12.00-18.00
Baade's Kjøkken serverer tradisjonsrik mat og byr på hellebakst "ved peisen". Omvisning i Handelshuset "Baadehuset" og demonstrarjon av gamle båtmotorer

**Kanaldagane 2011**
Finnås/Kulleseidkanalen
2. - 4. september
I år feirar Kanaldagane 10-årsjubileum. Kulleseidkanalen vert eit marknadsområde med mange ulike utstillarar og alle slag god underhaldning
www.kanaldagane.no

Fredag 2. september
16.00 - 21.30 Messeområdet ope
19.00 Historisk foredrag Steinrike v/**Brynjar Stautland**
19.30 Barnediskotek

Laurdag 3. september
10.00 Messeområde opnar
14.00 Historisk foredrag ved professor **Frank Aarebrot**
15.00 Klovnen **Kåre Knall**
17.30 **Matti Røssland**
19.00 Messeområde stenger

20.30 Innslepp til dans
22.00 **Utedans m/Palleband**

Kanaldagane søndag 4. sepember
10.00 16.30 Messeområde ope
11.00 Friluftsgudsteneste
13.00 **Slogmåkane** Sjantykor
15.00 Revy Vandring i Bedehusland

www.kanaldagane.no

www.kystsogevekene.no

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

# Sveio

Fylke: Hordaland
Areal: 245,7 km2
Folketal pr 1.1.11: 5 138
www.sveio.kommune.no

## Sveio – midt i leio

Halvøya Sveio, lengst sør i Hordaland ligg sentralt ved seglingsleia langs kysten. Flòkavarden, seinare Ryvarden, har vore seglingsmerke i over 1100 år, og folket i Sveio har hatt sjøen både som matfat og arbeidsplass.

Reiseliv sjå www.visitsunnhordland.no



# Program

**Fyrjazz på Ryvarden**
14. august
www.ryvarden.no

**Ut på sjøen - ut i båt**
Eikeland
27. august kl 12.00 – 16.00
Familiedag ved sjøen, med høve til å ta Roknappen.
Leikar, sal av grillmat. Arr. Sveio Kystlag

**Christine Gulbrandsen på Sjøhuset**
Buavåg
3. september kl 20.00
Konsert med Christine Gulbrandsen på sjøhuset i Buavåg. Servering av rømmegraut. Påmelding på tlf. 90989597/53741885. Arr. Sveio gullforening

**Temadag i Buavåg**
Sjøhuset i Buavåg
4. september
Gudsteneste på sjøhuset i Buavåg. Tur, foredrag, utstilling med tema **Handarbeid til kjøken.**
Servering av hjortegryte. Salsutstilling.
Arr. Sveio gullforening

**Utstillingsopning på Ryvarden**
Ryvarden kulturfyr
4. september
Meir informasjon seinare www.ryvarden.no

**Tur frå bedehus til bedehus**
10. september
Arr. Kystlandskapsparken/bedehusa
www.kystlandskapsparken.no

**Skjulte skattar - spor i landskapet**
11. september Kulturminnedagen.
Tur i Vikse-området kor Gullringen frå Vikse, datert bronsealderen vart funne.

**Fartein Valen-festivalen**
15. - 18. september
Festivalen vil formidle inntrykk av en av Norges fremste og mest nyskapande komponistar. Det blir lagt vekt på et variert og spennande program som vil auke forståing av Fartein Valen som komponist og menneske. Sentralt i festivalen er komponistens heim og miljøet rundt.
www.farteinvalen.no

# Kvinnherad

Det er alltid ei glede for Kystsogevekene å få med nye aktørar i denne store kystkulturmønstringa. I år har vi endåtil fått med oss eit arrangement i ein ny kommune, nemleg Kvinnerherad.



## Program

**Kystkulturdagane på Sunde**
Kvinnherad/Sunde 9. - 11. september

*Kystkulturdagane på Sunde* fremjer kystkultur og aktivitetar knyta til sjøen, før og no. Utstillarane er i hovudsak aktørar som har aktivitetar knyta til sjø, eller som formidlar historie og gamal kunnskap knyta til kystkultur.

Det vert ei innhaldsrik helg med aktivitetar for born, ungdom og vaksne:

Kunstutstilling ved Camilla Fonneland: *Sunde i gamle dagar*
Kulturvandring med formidling av Sunde si kystkulturhistorie
Forteljarstund for born og vaksne med forfattaren Rune Belsvik
Båtspikking for dei minste
*Elias* frå Redningsselskapet kjem, og lærer borna om sjøvett
Rokonkurranse
Turar med ribbåt, segling, padling med rebus
Musikkinnslag og konkurransar

I Bergslagen vert det servering av mellom anna sjømat og tradisjonell bakst, og utstillingar ved mellom anna Kystlaget, gamle båtmotorar, spleising og garnbøting, gamle båtar, dykkarklubben og handarbeidsmesse.

**Kveldsarrangement med underhaldning, musikk og dans**

# VESTLANDSFORTELJINGAR

Vestlandsforteljingar kan i sesongen 2011 opplevast på Sotra og i Øygarden i perioden 13. juli til 31. august. Bli kjend med historia og naturen på øyane vest for Bergen ved å delta på ulike forteljingar forskjellige dagar i veka. Når du møter opp på rett plass til rett tid, vil ein forteljar ta deg med i ei historie som gjev deg ei oppleving av kystsamfunnet på ein ny og spanande måte.

Møt opp på staden og kjøp billett hos forteljaren, kr 70,- for vaksne, born gratis.

**Selstøbuene - frå notbu til hytteparadis**
Måndagar kl 13.00
Oppmøte: Nordsjøfartmuseet i Telavåg. Tur i Nordsjøløypa til Selstøbuene. Få innblikk i korleis fiske var før i tida, terrorhandlinga i Telavåg i 1942 og etterkrigstida i bygda. 1 km, vått terreng, 1,5 t. Rutebuss (450-459) frå Bergen. Museum Vest Nordsjøfartmuseet i Telavåg Tlf: 56327440 nordsjofart@museumvest.no www.museumvest.no

**Ovågen - tett på vågen**
Tirsdagar kl 11.00
Oppmøte: Kystmuseet i Øygarden. Vandring kring den innarste delen av vågen. Her finn vi 10 000 år med natur- og kulturhistorie. Tidsbruk 45 min. Tlf: 56385050, kystmuseet@museumvest.no www.museumvest.no

**Hjelme gamle kyrkje - den første kyrkja i Øygarden**
Torsdagar kl 17.00
Oppmøte: Hjelme gamle kyrkje frå 1875, her får vi historia om fiskarbøndene sin innsats for å få reist kyrkja, om kyrkjereiser i båt og til fots og om tradisjonar kring kyrkjelege handlingar. Tonar frå den lokale salmesongtradisjonen. Tidsbruk: 45 min. Rutebuss til Sæle/Hjelme kryss (470-479) frå Bergen. Egil Sæle Tlf: 92625391 egilas@online.no

**Hernar - ein utpost til Nordsjøen**
Fredagar kl 15.45
Oppmøte: Rutebåtkaien på Hellesøy. Øya Hernar har vore eit knutepunkt for ferdsel til Vesterhavsøyane i norrøn tid og ein viktig handels- og gjestgjevarstad dei siste hundreåra. Reis til Hernar med rutebåt frå Hellesøy. Tidsbruk: 1 t. Rutebuss til Hellesøy (470-479) frå Bergen. Egil Sæle Tlf: 92625391 egilas@online.no

**Adnestova - heimen til fiskarbonden**
Laurdagar kl 14.30
Oppmøte: Adnestova på Sæle, den einaste stova som står att etter eit gammalt klyngjetun. Høyr om livsvilkåra for fiskarbonden og fellesskapen i tunet. Etter forteljinga kan ein vandre i den blomstrande kysthagen på Skredberget med utsyn over Nordsjøen. Tidsbruk: 1 t. Rutebuss til Sæle kryss(470-479) frå Bergen. Egil Sæle Tlf: 92625391 egilas@online.no

**Russarfangane - krigsfangar til festningsarbeid**
Søndagar kl 14.00
Oppmøte: Gjerdet Kulturminnegard sør på Fjell gard. Fjell gard vart dagleg påverka av den store byggjeaktiviteten som den tyske okkupasjonsmakta hadde på Fjell festning. Arbeidskrafta var sovjetiske krigsfangar. Vandring i bratt terreng, 600 m. Tidsbruk: 1 t. Rutebuss (450-459) frå Bergen
Museum Vest, Fjell Festning Tlf: 56335454
fjell@museumvest.no www.museumvest.no

Sjå fleire Vestlandsforteljingar og meir om forteljingane på www.kysteventyret.no eller www.museumvest.no

# Museum og Galleri

*Her finn du oversikt over museum og galleri som har utstillingar i samband med Kystsogevekene. Her er kontaktinformasjon og nettadressar.*

### Fjell festning, Museum Vest

Festningsanlegget blei bygd av den tyske okkupasjonsmakta med det føremålet å sikre innseglinga til Bergen. Fjell festning er freda som eit militært kulturminne, ope for publikum, ma med kanonbrønnen som fungerer som kafe/forsamlingslokale.
Ope: Mai - august: laur og søn kl 11-16.
Omvisning vekedagar etter avtale
fjell@museumvest.no www.museumvest.no

### Galleri Mjøsvågen, Hosanger på Osterøy

Open kafe, galleri, galleributikk, treskoverkstad, retro/ redesign salsutstilling, Marka-kunstløype m.m. Ope sun kl 15-18, frå 5.06-21.08. Utstilling ved Tove Veidug, teikning, måleri og skulptur. Arr Vener av Mjøsvågen gallerimjosvagen.no

### Gullgruvene ved Lykling, Bømlo

Gullgruvene var på siste del av 1800-talet sentrum for eit gullrush utan sidestykke i Noreg. Til saman vart det funne om lag 140 kilo reint gull her.

### Galleri Rustica

Galleri Rustica er ei over 100 år gamal grindløe som ligg på Holmeknappen på Holsnøy ved Herdlafjorden. I tillegg til galleriet (der både amatør- og profesjonelle kunstnarar stiller ut), arrangerer vi ulike kulturtilstellingar, som konsertar og føredrag/ opplesingar, og møte og kurs for både skuler, barnehagar, lag og foreiningar. Tlf 56 17 70 29 www.gallerirustica.no

### Havråtunet, Museumssenteret i Hordaland

Garden Havrå på Osterøy er freda som kulturmiljø, og er eit unikt minne om gardsdrift, byggjeskikk og arbeidsliv på dei mangbølte vestlandsgardane.
Søn kl 12-15. Omvising kl 12.00 og 13.30. til 26. sept. Det er ikkje tillate å gå aleine i tunet. www.muho.no

### Herdla Museum, Museum Vest

Herdla i Askøy. Ope: 1. juni – 14. august alle dagar kl 12-17. 15. august - 31. oktober: søn kl 12-17. Elles etter avtale. Tlf 56 14 51 50 herdla@museumvest.no www.museumvest.no

### Holmestova og Sjøbua, Holmeknappen

Holmeknappen i Meland. Under kystsogedagane: Laur kl 11-17. Sun kl 13-17. Meir info og andre tider, kontakt Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug tlf 56 17 10 00. sentralen@meland.kommune.no eller www.meland.kommune.no

### Hordamuseet, Bymuseet i Bergen

Hordamuseet skildrar levevilkåra til folk som har budd i Nord- og Midhordland. Museet ligg idyllisk til inst i Fanafjorden, like nedanfor Stend jordbruksskule. Opningstider: Mai-august: Tys-fre 12-15, laur og søn 12-16, mån stengt. Sept-april: Tys-fre 12-15 sun 12-16 laur og mån stengt. Kafe og museumsbutikk. Utanom opningstida etter avtale. Tlf 55 11 29 00, hordamuseet@bymuseet.no Hordnesveien 24, 5344 Fana www.bymuseet.no

### Kulleseidkanalen Bømlo

På kanalkanten i Finnås ligg Canalvogterboligen frå 1856 og Telegrafen frå 1857. Begge er i dag museum som viser det viktige og gigantiske arbeidet med Kanalen og den tids telegrafi og seinare telefonutvikling som betydde så mykje for fiskeria.

### Kvamsdals fargeri, Sandnes i Masfjorden

Utstillinga i Kvamsdals fargeri vitnar om 60 års industrihistorie. Det meste av inventaret i fargeriet er intakt og står slik det stod då det vart lagt ned i 1954.

### Masfjorden båt- og sjøbrukssamling, Nothuset på Sandnes

Masfjorden båt- og sjøbrukssamling består av tradisjonelle bruksbåtar og sjøbruksreiskapar frå heile kommunen. Nothuset på Sandnes er bygd kring 1880. Museumssamlingane er opne fre - søn 13-17 tom søn 21. august. Guida omvisningar, tlf 56 16 62 00 www.masfjorden.kommune.no

### Kystmuseet i Øygarden, Museum Vest

Museet presenterar livsvilkår og ressurshistorie i eit typisk kystområde gjennom 10 000 år, med særleg vekt på energiutnytting. Faste og skiftande utstillingar. Museumskafe. April - november: søn kl. 12-15. 2. mai – 31. august: mån – fre kl. 11-16, laur stengt, søn kl 12-17 Elles etter avtale. Oen 5337 Rong Tlf 56 38 50 50 kystmuseet@museumvest.no www.museumvest.no

### Langøy Kystkultursenter

Fjell/Langøyna. Kontakt: Gudveig Lillebø tlf 90 86 26 06 eller gulillebo@gmail.com

### Lyngheisenteret, Museumssenteret i Hordaland

Lyngheisenteret på Lygra i Nordhordland er oppretta for å ta vare på kysten sitt kulturlandskap og for å hegna om den kunnskapen og dei tradisjonane som knyt seg til bruken av dette landskapet. Opningstider Infobygget april – 30. sept Ons -tors-fredag 11 -15.30 Søndag 12 -17. Grupper etter avtale. Tlf 56356410

post@lyngheisenteret.no www.lyngheisenteret.no

### Nordsjøfartmuseet, Museum Vest

Dei tre faste utstillingane på museet i Telavåg omhandlar Telavågtragedien, Nordsjøfarten og Shetlands-Larsen. I tillegg er det skiftande utstillingar. Opningstider september – april: søn kl. 12-17
Mai - august: mån - laur kl. 11-16, søn kl. 12-17.
Elles etter avtale.Tur i Telavågløypa søndagar kl 14.00, elles etter avtale i vekedagene bortsett frå laurdagar. Minimum 5 personar. Tlf 56 32 74 40
nordsjofartmuseet@museumvest.no
www.museumvest.no

### Norsk Trikotasjemuseum, Museumssenteret i Hordaland

Bli med omvising i gamle Salhus Tricotagefabrik (1859-1989). Filmen der tidlegare arbeidarar fortel om korleis det var å jobba her. Museumsbutikk og enkel kafé. www.muho.no April - september: Tys - Fre kl 11-15, søn kl 12-17. Resten av året søndagar 12-17

### Osterøy museum, Museumssenteret i Hordaland

Eit kulturhistorisk museum for Osterøy og dei næraste bygdene. Kafé. Ope tys - fre kl 10-15 i juli 10-17 Sun (juni - september): 12-17. Elles etter avtale. Gjerstad 5282 Lonevåg Tlf 56 19 34 40 www.muho.no

### Radøy Kunst Senter

RKS er ei stifting og eit senter for visning av samtidskunst i Nordhordland. Senteret samarbeidar med grunnskulane i regionen og viser også elevarbeid. Utstillingane og "kafeen" er open laur og søn 12-16. RKS tar imot besøk av skuleklasser og grupper utanom åpningstida. Haugland, 5937 Bøvågen Tlf. 56 37 00 06 radoy-kunstsenter.no

### Ryvarden Galleri og fyr

Opningstider: Alle søn- og helgedagar kl 11-16.
Mølstrevåg, 5559 Sveio, tlf 53748000
ryvarden@sveio.kommune.no www.ryvarden.no

### Sellevåg Treskofabrikk

Sellevåg i Gulen. Tradisjonsrikt i miljø for produksjon av tresko. Omvising etter avtale for einskildpersonar, grupper og lag. Kontakt Magne Sellevåg,
tlf 57 78 36 59/909 82 235

### Strilamuseet på Seim

Strilamuseet på Seim i Lindås ope for publikum kvar søn kl 14-17, grupper etter avtale. Tlf 563553 50/ 95 8071 13

### Sunnhordland Museum

Me tek vare på minne og forteljingar frå Sunnhordland si fortid. Her får du møta miljø og gjenstandar du mest hadde gløymt. Du kan òg møta minne frå forhistorisk tid, klosterruinar frå mellomalderen, eller minne frå nyare kystkultur og industrisoge. Avdelingar ma. Sunnhordlandstunet på Leirvik og Stord maritime museum. Stord Maritime Museum på Leirvik Brygge har utstillingar og aktivitetar for små og store. Museumsbakken, 5417 Stord. Tlf 53 41 38 99
sunnhordland.museum.no

### Tusenårsstaden Gulatinget

Tingstaden er open for publikum heile året.
Det er omvisning for gruppar på Tusenårsstaden og i Eivindvik etter avtale. Tlf 57782006
gulatinget@gulen.kommune.no www.gulatinget.no

### Vestnorsk Utvandringssenter

Stad: Mellingen, Sletta på Radøy. Emigrasjonshistorien, som sette slikt preg på landet vårt, kan opplevast gjennom film, forteljing, dokumentasjon og vandring i eit tilnærma autentisk miljø med dei mest karakteristiske og sentrale bygningane frå småsamfunna som vart etablert.
Opningstider 21.06 - 28.08: Tys – fre og sun kl 12-17
Mån og laur stengd. Tlf 56 37 20 00
vestnorsk.utvandringssenter@muho.no muho.no

### Vedholmen Galleri

Opningstider: Sommeråpent onsdag t.o.m. søn kl 12-16 (stengt 1. - 12. august)

20.8 til 18.12 : Ope tors 16.00-19.30. Fre-lør-søn kl 12-16. Røttingavegen 23, 5216 Lepsøy. Tlf 97138119.
www.vedholmen-galleri.com

**www.kystsogevekene.no**

Det geografiske området for Kystsogevekene er 20 kommunar frå Sveio i sør til Gulen i nord. Motivet i kommunevåpenet står for kommunen sin historiske eigenart og bakgrunn.

Gulen
Masfjorden
Fedje
Lindås
Radøy
Meland
Austrheim
Osterøy
Askøy
Bergen
Øygarden
Fjell
Sund
Os
Fitjar
Austevoll
Bømlo
Stord
Sveio
Tysnes




**Leia:**
Leia langs Vestkysten ligg i dag som for tusen år sidan, ei hovudferdselsåre frå sør mot nord; den første riksvegen. Opp gjennom hundreåra har Leia vore livsnerven i kystsamfunnet: Vikingskip på utferd mot vest, kongens skip på veg mot kongsgardane, handelsskip og krigsskip, jakter og galeaser, jekter og færingar, fraktefartøy og fiskebåtar – her er mange aktørar og skiftande scener i fjordlandskapet

*(Sitat frå Kulturhistorisk Vegbok – Hordaland)*

---

**For meir informasjon og avtaler kontakt:**
Stiftinga Kystsogevekene,
Postboks 7900,
5020 BERGEN
Tlf 55 23 91 73
E-post:
kystsogevekene
@post.hfk.no

www.kystsogevekene.no

BOH
BERGEN OG OMLAND HAVNEVESEN
PORT OF BERGEN

GRIEG
GRIEG FOUNDATION

DOF

BKK

www.kystsogevekene.no